

Tilråding om Norsk lokalhistorisk handbok.

A. INNLEIING.

Noko av det første "Landskomiteen for lokalhistorie" (nedsett av Den Norske Historiske Forening 1913) gjorde, var å gje ut "Arbeidsveiledning i lokalhistoriske undersøkelser for begyndere" av Lorens Berg, Tord Pedersen og Tallak Lindstøl (1914, 2. oppl. 1925). Dette vesle skriftet har vore det einaste verket som har hatt til føremål å gje nokolunde heil rettleiing i lokalhistorisk arbeid. Edv. Bulls "Innledning til bygdehistorisk studium" (1924) gjev prinsipielle synsmåter, og "Heimbygdskunnskap" av riksarkivar Asgaut Steinnes, dr.philos. Lars Reinton, prof. Magnus Olsen, skulestyrar K. M. Nordanger, statsarkivar Anders Todal og prof. Knut Liestøl (Radioforedrag 1935) kunne av praktiske grunnar ikkje ta heile saka opp til drøfting. Dr. philos. Lars Reintons artikkel "Om utarbeiding av bygdebøker" (Heimen VI, s. 349) og statsarkivar Anders Todals "Plan for bygdebøker" (Årbok for Nord-Trøndelag 1946, s. 16) gjev stutt rettleiing og oversyn. Det er òg rettleiing å finne i prenta spørjelister for sakleg avgrensa oppgåver, serleg tradisjonsinnsamling. Siste mannsalderen har det dessutan vorte halde i alt 13 kurs i bygdesogegranskning (3 i åra 1918-19, 1 i 1925 og 9 i åra etter andre verdskrigene). Alle, undantek eitt (1925), har vorte skipa til av ein eller fleire lokale organisasjonar eller institusjonar, oftast i samarbeid med Landslaget for Bygde- og Byhistorie.

Trass i at desse prenta rettleiingane og kursa kvar for seg og til si tid har vore til stor nytte, har det vist seg ein sterk trøng til ei lokalhistorisk handbok som stettar dei krav det lokalhistoriske arbeidet i dag set. Det har vakse ut over råma for Lorens Bergs vesle bok, som dessutan nå er utseld, og kursa er i stor mun skipa til nett fordi det ikkje finst noka tidhøveleg handbok i emnet. Dei er såleis i grunnen eit vitnemål om at det trengst eit slikt verk.

I 3-årsmeldinga for landsmøtet i Stavanger i august 1948 peika styret i Landslaget for Bygde- og Byhistorie på at arbeidet med ei handbok i lokalhistorie burde takast opp så snart råd var. På eit møte som målsmenn for Landslaget hadde med Kyrkje- og Undervisningsdepartementet den 24. oktober 1948, vart denne saka nemnt mellom andre, og i St.prp. nr. 1, 1949, sa departementet at det hadde sagt seg viljug til å gje Landslaget "stønad til ei handbok i bygdegranskning og til kurs for amatør-historikarar som arbeider med bygde- og byhistorie". Etter skriftleg søknad 7. febr. 1950 fekk Landslaget 21. mars s.å. melding frå departementet om at det hadde løyvt kr. 10 000 til desse føremål. På styremøte i Landslaget 12. juni 1950 vart cand.philol. Andreas Holmsen, dr.philos. Lars Reinton og cand.philol. Andreas Ropeid valde til å leggja fram nærmare planar for arbeidet med handboka.

B. Planen.

Nemnda har drøfta saka på fleire møte og vorte samde om dette framlegget til plan for

Norsk Lokalhistorisk Handbok.

Norsk Lokalhistorisk Handbok har til hovudføremål å gje rettleiing i utarbeiding av bygde- og bybøker, men skal samstundes også gje hjelp og kveik til personleg og organisert lokalhistorisk arbeid som ikkje har sett seg eit slikt mål (historielag, studieringar, utgjeving av lokalhistoriske tidsskrift og årbøker o.l.) og til arbeidet med å leggja lokalhistoria til rette for skulane.

Ei handbok med eit slikt føremål vender seg til eit stort publikum med svært ulike føresetnader for det arbeidet dei har hug til eller er sette til å gjera. Dei aller fleste er amatørar som på eige initiativ har tatt til å granska eit eller fleire sakleg avgrensa emne innan si bygd og som er komne meir eller mindre langt på den vegen. Mange er på grunn av interesse for historie og humanistisk kultur i det heile sett in i ei bygde- eller byboknemnd og skal til med det arbeid som dette fører med seg, eller har i det minste ansvar for at bygde- eller byboka vert så god som mogeleg. Svært få av dei handboka skal venda seg til, har dei føresetnader som eit universitets-studium gjev. Men i det lokalhistoriske arbeidet er det andre føresetnader som på visse område og innan visse tidbolkar er vel så viktige, m.a. dei som intint kjennskap til bygda, samfunnslivet og arbeidslivet der, gjev. Kvar einskild av dei som handboka vender seg til, må gjennom den få effektiv hjelp til å gjera arbeidet rasjonelt og med størst og best mogeleg utbytte både for han personleg og for bygda og samfunnet, ut frå dei føresetnader evner og arbeidsvilkår gjev.

Dette målet kan handboka nå dersom ho går frå det relativt lette mot det vanskelege. Pedagogiske, praktiske og økonomiske grunnar gjer at boka må gjevast ut i fleire band. Tilfanget kan då lett delast på desse banda slik at dei tener det føremålet som er nemnt ovanfor. Ut frå dette synet vil nemnda gjera framlegg om at handboka vert skipa slik:

- B. I. Bygdehistorisk arbeid (12 ark)
 - B. II. ~~Bygdehistorisk~~ arbeid (8 ark)
 - B. III. Arkivkunnskap (8 ark)
 - B. IV. Bygd og by i eldre tid (20 ark)
 - B. V. Rettleiing for studieringar (2 ark).
- Tilsaman ca. 50 ark.

B.I vender seg serleg til alle amatørane og skal gje den rettleiing som trengst om dei arbeidsoppåvene som ein må rekna med at dei fleste av desse kan vinna over med godt resultat anten i fri personleg gransking eller i arbeid for ei bygdebok. Det skal hjelpe dei til å greia finansiering, organisasjon og ansvarleg leiing av bygdebokarbeidet og arbeidet med å leggja bygdesoga til rette for skulen, dessutan til å samla inn tilfang frå litteratur og kjelder i bygda sjølv, samstundes som det vert vist til kvar opplysningar om viktige sider av livet i gamal tid er å finne utanbygds. Når det gjeld arkivtilfanget, viser ein óg til B.III. Det skal óg gje eit så breitt oversyn over dei ymse former for løysing av prinsipielle spørsmål, som planen for bygdebokverket, stoffutvalet osb., at forfattaren og dei som har ansvaret for boka får eit godt grunnlag for det val dei i så måte må gjera. Når det gjeld rettleiing i sjølvstendig utarbeiding, bør dette bandet ta sikte på bygdebøker som legg hovudvekta på gards-, grende- og ættesoge, på bygdesoge i nyare tid og på emne frå den eldre bygdesoga som ikkje krev serlege føresetnader. For dei siste par hundreår bør bandet greia ut dei ymse problem ein norsk bygdehistorikar kan møta, og peika på korleis problemstillinga kan gje synspunkt både for utval, innsamling, ordning og utarbeiding av stoffet. Dei som vil arbeida sjølvstendig med oppgåver som krev serlege føresetnader - som t.d. ei heilsleg framstilling av bygdesoga i tidlegare dansketid, mellomalder og endå eldre tid - må venda seg til B.IV.

B.II skal gje tilsvarenade rettleiing for arbeidet med bysoga.

B.III skal gje eit summarisk oversyn over innhaldet i Riksarkiv, Statsarkiv, Statsarkivkontor o.a. større samlingar av uprenta kjeldetilfang så langt dette har interesse for bygde- og bysoga, gje ei meir detaljert og - når det trengst - kritisk gjennomgang av dei viktigsta arkivseriene og ei praktisk rettleiing for dei som skal arbeida sjølvstendig med arkivkjeldene.

B.IV skal gje det ålmenne kjennskapet til institusjonar og tilhøve i bygd og by, til lokalhistorisk problemstilling og komposisjon og til vanskelege ord og omgrep i kjeldene som er naudsynt for dei som skal arbeida sjølvstendig med norsk lokalhistorie i tida fram til kring 1800.

B.V skal gje den serlege rettleiing som trengst for studiearbeidet med by- og bygdesoga, peika på arbeidsoppåver og visa til hjelperåder.

Dei ymse band av handboka får då dette innhaldet:

B.I:

A. Innleiing. Kva mål har det lokalhistoriske arbeidet og korleis vert vert dette nådd (den einskilde, studieringen, historielaget, bygdedagar og andre lokalhistoriske stemner, årboka, bygdeboka).

B. Bygdeboka.

1. Inndeling i ættesoge, grenedesoge, gards- og plass -soge og ålmenn bygde-, ev. distriktssoge. Ved kvar bok vert det gjeve utgreiing om plan, stoffutval og problemstilling i samsvar med det som er sagt om dette i innleiinga. Det vert òg gjeve opplysning om kvar det viktigaste tilfanget til kvar bok er å finne og korleis ein best kan få tak i det.
2. Oversyn over det tilfang ein kan finne i bygda.
 - a. Fornminne og materielle kulturminne.
 - b. Språklege minne.
 - c. Personlege minne, tradisjon og folkeminne.
 - d. Skriftlege kjelder i lokale, embetsmannsarkiv, kommunale, halvkommunale og private arkiv.
 - e. Prenta kjelder (aviser, tidsskrift og andre periodica).
Prenta arkivkjelder vert drøfta i B.III.
3. Innsamling av tilfang.
 - a. Registrering av fornminne, musémateriale og andre materielle kulturminne.
 - b. Innsamling av språklege minne. Her vert det gjort greie for dei krav som ein ev. fagmedarbeidar på dette område vil setja, t.d. ein stadnamngranskjar.
 - c. Innsamling av personelge minne, tradisjon og folkeminne.
 - d. Arbeidet med skriftlege kjelder (med rettleiing i gotisk skrift).
 - e. Arbeidet med litteratur og registrering av aviser og liknande prenta kjelder.
 - f. Biletinnsamling.
 - g. Praktiske råd og vink. Vitjinga på garden og hos heimelsmennene, bruk av lausark, ringperm, fotografering og fotostating. For nøgnare arkivrettleiing vert vist til B.III.
4. Organiseringa og finansieringa av arbeidet.
 - a. Organisering av bygdeboknemnda.
 - b. Organisering av innsamlingsarbeidet og utarbeidingsa.
 - c. Distriktssamarbeid.
 - d. Finansiering.
 - e. Prenting og andre kostnader. Distribusjon.
Under b vert det gjort greie for i kva mun ein bør knyta til seg fagmedarbeidrarar, konsulentar og arkivhjelp, og korleis dette mest praktisk kan gjerast.
5. Utarbeiding av lesebøker i bygdesoga for skulen og ev. handbøker i emnet for lærarar (dei siste for eit større, høveleg distrikt).

B. II. Bysoga og byboka.

Vi har i dag så litra røynsle om dette arbeidet at vi ikkje kan setja opp noko oversyn over innhaldet i denne lutten av handboka. Det vil verta mogeleg å gjera dette når vi om nokre år får sjå resultatet av det viktige arbeidet som er i gang på dette området. Det er tanken at bandet skal gjevast ut som det siste av handboka, men bør av saklege grunnar få nummeret II.

B. III. Arkivkunnskap.

1. Oversyn over korleis arkivsakene er dolt på Riksarkiv, Statsarkiv og Statsarkivkontor, og utgreiing om dei viktigaste lokalhistoriske arkivsakene som er å finne ved dei ulike arkiva.

Etter eit stutt oversyn over prinsippa for fordelinga av arkivsakene fylgjer utgreiing om:

- a. Riksarkivet. Den inneheld ei ålmenn orientering (ein "katalog over katalogane") og ein utførleg omtale av dei viktigaste arkivseriene: diplom, lens, fute-, by- og tollrekneskap, matrikuleringar og folketeljingar, Norske innlegg (Åpne brev, Missiver, Tegnelser osb.), supplikasjonsprotokollane til Statthal-darskapet (med omtale av pakkesakene), skapsakene frå Kanselliet (med omtale av journaler og kopibøker og av lause kommisjonsarkiv), Rentekammerets "Realistisk ordnede avdeling" (med omtale av journaler og kopibøker), militære arkiv og andre sentralarkiv (stutt omtale av dei viktigaste).
- b. Statsarkiva med Statsarkivkontora (oversyn og utgreiing som under a).
- c. Prenta arkivkjelder som ikkje er nemnde under a og b, lover og lovsamlingar.

2. Utanlandske arkiv.

Det er ei kjend sak at Rigsarkivet i København har tilfang av interesse for lokalhistorikaren, men sentrale arkiv i Sverige har også tilfang som for visse tidbolkar gjev opplysningar om norske bygder og byar. Dette tilfanget, serleg det siste, har vi ennå lite oversyn over.

3. Andre institusjonar som har samlingar av uprenta kjelder.

Det vert her først og fremst tale om Norsk Historisk Kjelde-skrift-Institutt, men nemnast må og Universitetsbiblioteket, Videnskapsselskapets bibliotek i Trondheim og mogeleg andre bibliotek, Statistisk Sentralbyrå, Norsk Etnografisk Gransking, Instituttet for Sammenlignende Kulturforskning, Norges Brann-kasse, Selskapet for Norges Vel og mogeleg andre.

4. Kart og biletsamlingar.

Norges Geografiske Oppmåling, Riksantikvariatet (Ikonografisk Kommisjon for Norge).

5. Arbeidet med arkivkjeldene.

Ved utarbeidinga av dette bandet bør ein samarbeida med riksarkivaren.

B. IV. Bygd og by i eldre tid (fram til ca. 1800).

1. Noregs-soge. Eit oversyn inndelt i tidbolkar og med opplysningar om dei viktigaste institusjonane og serdraga i lokalt styringsverk, rettsstell, næringsliv og kulturliv til kvar tid, med påpeiking av dei historiske problem lokalhistorikaren serleg kjem borti og kan nytta til synspunkt ved oppbygginga av ei samanhengande framstilling når det gjeld eldre tider, kommenterte kjeldeprøver til kvart tidsrom.
2. Realordbok for tida fram til ca. 1800 (med tilvising til 1. del for dei ord som er utgreidd der).

Dersom 1. del i framstillinga stort sett fylgjer planen for bygde- og bybøker, vil han, ved sida av å gje ålmenn kunnskap om institusjonar og tilhøve i eldre tid, også gje eit visst mønster for stoffutval og disposisjon av ålmenn bygde- eller distrikts-soge. Under arbeidet med dette bandet vil ein få betre grunnlag for å avgjera om det bør skipast slik at lesearane kan få høve til å kjøpa desse to delene kvar for seg.

B. V. Studieplan for studieringar.

Nemnda kan ikkje i dag setja opp noko meir detaljert oversyn over innhaldet i dette bandet enn det som er gjort ovanfor. Ved utarbeidinga og kanhende også ved utgjevinga bør det verta søkt samarbeid med nokre av dei store organisasjonane som driv friviljug studieverksamnd.

C. Storleiken på handboka.

Det er uråd i dag å ha noko velgrunna meinинг om kor stor handboka må verta. Eit visst grunnlag for ein kalkyle gjev den prenta utgåva av foredraga ved bygdesogekurset i Trondheim 1948, som er på snaue 10 ark. Vel 2 ark gjeld arkivkunnskap, resten ymse sider av bygdesogearbeidet. Handboka skal altså gje rettleiing om mange emne som ikkje er drøfta i desse foredraga, og endå om dei er utførlege for dei emne som er tatt opp i si fulle breidd, så har foredragsforma sett grenser som ikkje er hølege for ei handbok. Foredraga er difor eit heller dårlig grunnlag for

ein kalkyle. Dei arktal som er nemnt ovanfor s. 2 byggjer difor i stor mun på laust skyn. Dersom handboka utan skade for innhaldet kan gjerast mindre, vil det vera ein føremun. B.I - III og V bør i alle høve ikkje gjerast større uten at det er sers sterke grunnar for det.

D. Kostnaden.

Det er vanskeleg å avgjera dette spørsmålet óg med full visse. Nemnda har funne grunn til å rekna med ein prentekostnad (binding inklusiv) på kr. 400,- pr. ark. Samla prentekostnad for 50 ark vert då kr. 20 000,-.

Utgifter til honorar er óg vanskelege å kalkulera med full visse. Ein må rekna med å få fullt kvalifiserte fagfolk til å gjera arbeidet. Etter arkpris som i første helvta av 1930-åra vart betalt for liknande arbeid av eit av våre største forlag, skulle det i dag vera rimeleg å rekna kr. 700 pr. ark i honorar. Røynsla viser at ein ved slikt arbeid som det her vert tale om, gjer ferdig 1 prenta side for dagen i gjennomsnitt. Etter dagløn på mellom 40 og 50 kr. kjem ein då óg til ein arkpris på vel kr. 700. Det er såleis rimeleg å rekna med eit honorar på kr. 700 pr. ark. Nemnda reknar det for naudsynt at det vert tilsett ein redaktør. Han bør ha kr. 5000 i honorar for dette, dvs. kr. 100 pr. ark.

Samla utgifter til honorar vert då kr. 35 000 + kr. 5000, og samla utgifter til honorar og prenting kr. 60 000. Einskilde luter av verket vil rimelegvis verta billegare enn den kostnaden for arket som det her er rekna med, medan t.d. realordboka nok kan koma til å verta dyrare.

Fordi handboka vil få eit stort verd for norsk sogegranskning og norsk kulturliv i det heile, bør Staten ta på seg kostnaden ved utarbeidninga og utgjevinga. Avdi det vil ta nokre år før alle deler av verket er ferdig, og dei ymse lutene kan gjevast ut etterkvart dei vert utarbeidde, kan finansieringa ordnast med årlege løyvingar til heile verket er ferdig eller til den sum som trengst er nådd.

I samsvar med den kalkylen som er sett opp ovanfor, vil ein til B.I, som ein fyrst lyt gå igang med, trengja desse løyvingane:

Honorar ca.	kr. 10 000
Prenting og hefting	" 4 000
	<u>Kr. 14 000</u>

E. Utgjeving og distribusjon.

Landslaget for Bygde- og Byhistorie ved styret er ansvarleg for at handboka kjem ut så fort så mogeleg innanfor dei grenser som pengeløyvinga og krava til kvalifiserte forfattarar set. Styret godkjenner planane for boka og vel ei nemnd til å stå for arbeidet. Denne nemnda skal finne fram til beste framgangsmåten når det gjeld prenting og distribusjon, evt. ting med forlag og leggja framlegg til skipnad fram for styret til godkjenning.

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 17/1 53.
Drammensv. 42 b

Herr dr. Alf Kiil.

Det er etter samråd med og framlegg av riksarkivar As-gaut Steinnes at eg vender meg til Dykk med ein førespurnad.

Som De ser av vedlagde tilråding om Norsk lokalhistorisk handbok, skal Landslaget for Bygde- og Byhistorie gå i gang med å gjeva ut eit slikt verk. Planen er å la verket koma ut etter kvart som ein har pengar og forfattarar, og styret i Landslaget har nett vedteke å setje underskrivne til redaktör for verket og å gje ut bandet (bolken) om arkivkunnskap først, då det er det det hastar mest med. Dette bandet skal etter planen vera ca. ~~xxx~~ 8 ark, og skal, som De ser, omfata ålmenn orientering i arkivskipnaden med historikk, dinest sakleg og pedagogisk utgreiing om Riksarkivet og tilfanget der, så om statsarkiva, og vidare om andre arkiv og samlingar der det finst kjelder til lokalhistoria. Det gjeld ikkje berre å rettleie i kva som finst, men også om måten å finne fram til kjeldene, rasjonell arbeidsmåte og ~~os~~ utnyttinga.

Spørsmålet til Dykk er om De har høve til og kunne vera viljug til å ta på Dykk å skrive dette bandet (på ca. 130 sider eller vel det, om det trengst)? Om det er turvande, måtte ein kunne bruke andre medarbeidrarar, som har serleg kjennskap til dei mindre arkiva og samlingane, til å skrive om desse, anten som serskilde bolkar i boka, eller som tilfang til Dykk.

De ser av den vedlagde planen kva vilkår vi kan by.

Vi har førebels ca. 14 000,00 kr til dette føremålet, som vi har fått av Kyrkjedepartementet, og har lovnad om å få meir etterkvar (til heile verket). I overslaget har vi, som De ser, rekna med eit forfattarhonorar på kr. 700 pr. ark. Men det ~~kan~~
~~ting~~ ^{kan} eventuelt ~~ha~~ dröftast nærare.

Vi ville vera takksame om De kunne ta på Dykk denne oppgåva. Riksarkivar Steinnes har gjeve lovnad om all mogeleg stönad med råd og dåd frå han og frå etaten elles.

Vi ville gjerne få svar så snart som råd, for å koma i gang så fort som mogeleg, først med utarbeidingsa av ein meir detaljert plan, som så må dröftast oss i mellom og med riksarkivaren og kanskje og med einkvan av statsarkivarane og andre, og dinest med utarbeidingsa.

V y r d s a m t

Lars Reinert
form.

Trondheim, den 21. januar 1953.

Herr riksarkivar dr. Asgaut Steinnes.
Kjære riksarkivar.

Jeg fikk igår brev fra dr. Lars Reinton, der han spør om jeg kan ta på meg å skrive bolken om arkivkunnskap i "Norsk Lokalhistorisk Handbok". Jeg var glad over å se at forslaget var kommet fra riksarkivaren.

Enda jeg nøk kunne ha lyst på oppdraget, hadde jeg likevel først tenkt å si nei takk. Riktignok er jeg vel såpass frisk at jeg for den saks skyld måtte greie oppgaven, men jeg ville gjerne nytte tida framover til å arbeide litt med de nord-norske sakene, og tør ikke ta på meg noe som jeg så måtte bruke all min arbeidkraft på i nærmeste framtid. Jeg hadde nemlig tenkt, hvis helsa holder, og Helserådet og overlege Tuxen gir meg lov (og det tror jeg de gjør) at jeg gjerne ville prøve å begynne i arbeid igjen over sommeren, iser hvis jeg kunne få tjenestgjøre i Riksarkivet. Men har jeg først begynt i posten, kan jeg ikke ha ~~komf~~ regne med å få gjort mye utenom arbeidet i arkivet, i allfall ikke de første månedene. Og jeg vil jo gjerne komme inn i normalt arbeid igjen, hvis jeg er sterk nok til det.

Så var det jeg kom til å tenke på om det kanskje kunne være tale om en ordning slik at jeg fikk ta denne oppgaven som mitt daglige arbeid i arkivet den første tida - under forutsetning av at Landslaget kan vente til jul med å få manuskriptet. Pengene, som Landslaget har fått, måtte vel kunne gå til arbeidshjelp i arkivet. En annen sak er om riksarkivaren finner at en slik ordning er mulig eller tilrådelig. Det var det jeg gjerne ville spørrem om før jeg svarer dr. Reinton. Jeg har ellers tenkt å komme til Oslo i mars.

Jeg ber Dem tilgi at jeg bryr Dem med dette.

Med hjertelig hilsen.

Erbødigst

Adresse: Klostergata 45,
Trondheim.

Trondheim, den 28. januar 1953.

Landslaget for Bygde- og Byhistorie,
Herr dr. Lars Reinton.

Jeg takker for brev av 17. d. m. med tilbud om å skrive bolken om arkiv-kunnskap i Norsk lokalhistorisk handbok. Når det har gått noen dager før jeg svarte, er grunnen den at jeg først måtte rådføre meg med riksarkivar Steinnes om mitt framtidige arbeid i Riksarkivet.

Som De kanskje vet, har jeg hatt sjukepermisjon i nokså lang tid, men jeg hadde planer om å gå inn i posten min igjen over sommeren. Nå er jeg opptatt med et arbeid fra nord-norsk historie, og jeg tør ikke ta på meg noe annet i den tida jeg ennå har permisjon.

Så kom jeg til å tenke på at det kanskje gikk an å ta denne oppgaven som ordinert arbeid i Riksarkivet fra 1. september i år og utover. For meg ville det høve godt å få holde på med det om formiddagen - noe arbeid utenom kontortida kan jeg ikke rekne med å få gjort. Igår fikk jeg svar fra riksarkivar Steinnes. Han sier der at han gjerne er med på en slik ordning som den jeg her har nevnt.

Det kommer da an på om De kan vente så lenge med å få arbeidet satt i gang. Skal det gjøres grundig og samvittighetsfullt, vil vel ikke manuskriptet bli ferdig før jul. På den annen side skulle det være meg til god hjelp at jeg kjenner de fleste arkivene nokså godt. Bare i Statsarkivet i Bergen har jeg ikke vett, og dit hadde jeg ellers tenkt å ta meg en tur til våren.

Jeg vet ikke hva De synes om dette forslaget. Skulle De finne at det var tilfredsstillende for Landslaget og for Dem som redaktør, kunne det kanskje være tidsnok å drøfte arbeidsplanene når jeg kommer til Oslo i mars. Om pengespørsmålet måtte vel De og riksarkivaren komme til en ordning.

Erbødigst

Adr: Klostergata 45,
Trondheim.

Oslo, 25. januar 1953.

Kjært arbeivars til.

Ly til for min part gjerne vora med
på at de tek arbeidet med bokken om arkeiv-
kunstnep i den lokalhistoriske handboka som
bykker seg også arbeid ei lit utom vi de
tek til i Riksarkivet etter samarbeid med

kauskyje vre bet af de har urke anna arbeid
ij. Men med det tykkja ej et le mi fijina
utan det høra bet far dykkje sjalo. Om skjunes
elles kan vi tala nærmere i de kyrkje hi Oslo.

Med hjartleg hilsing
Tykkja
Asgaut Steinnes

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 29/1 53.
Drammensv. 42 b

Herr Alf Kiil.
Trondheim.

Mange takk for brev av 28 d.m.

Det gleder meg mykje at De på denne måten kan ta på
Dykk å skrive bandet om arkivkunnskap til Norsk lokalhistorisk
håndbok.

Slik som tilhöva ligg til, er sikkert den ordning som
De gjer framlegg om den beste, når riksarkivaren går med på
ho. Når De kan konsentrere Dykk om oppgåva frå 1. september,
skulle det vera von om å få arbeidet ferdig like så tidleg som
når De skulle ha det ~~innkjøpt~~ ved sida av anna arbeid. Kan De
få arbeidet ferdig til jul, er vi nögde.

Eg går då ut frå at eg høyrer frå Dykk i mars til av-
tale av nærmare konferanse/ om detaljane.

Med vyrdsam helsing

Lars Reinon

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 3/6 53.
Drammensv. 42 b

Herr Alf Kiil.

I brevet eg fekk frå Dykk i vinter seier De at De kanskje kom til Oslo i mars eingong, så vi da kunne få ein konferanse om ~~ky~~ handboka i lokalhistorie, Arkivkunnskap.

Eg torer med dette spørje om det er von til at De kjem til Oslo nokon gong före ferien? Eg blir i byen til dei fyrste dagane av Juli. Eg ville gjerne ha hatt ein konferanse med Dykk innan den tid. Det er mogeleg at eg i haust kjem til å reise utanlands.

Med vyrdsam helsing

Pars Reinou

Herr dr. Lars Reinton,
Drammensvegen 42 B,
O s l o .

Jeg hadde tenkt at jeg skulle kunne si at vi nå så smått var i gang med å renskrive manuskriptet, men ennå har ingen av damehe i statsarkivet fått en ledig stund, så jeg kunne sette en av dem til et slikt arbeid. Det pleier å være en forholdsvis stille tid før og etter jul, men i år ser det ikke ut til å bli noen stor nedgang i utskriftstinginger og annen post. Jeg håper det må bli litt bedre over jul, og da skal vi se å få gjort unna så mye som vi rekker. Dette betyr ikke at manuskriptet er ferdig, men jeg holder på med det, og jeg hadde tenkt at jeg skulle sende det til Dem etter hvert som de enkelte avsnitt blir ferdige.

Jeg har visst før skrevet mer enn nok om min dårlige helse, og skal ikke utdype emnet nærmere, men bare nevne at det siste året har vært det dårligste jeg har hatt, helsemessig sett.

Hvis det lykkes å få noen til å påta seg å skrive om Riksarkivet, vil jeg gjøre oppmerksom på at jeg har samlet en del stoff også om det - i den tiden jeg arbeidet der. Det vil jeg gjerne overlate til vedkommende, men jeg vil gjerne få overlevere det selv, for det vil sikkert vise seg at det krever nærmere forklaring.

Trondheim, 9. desember 1959.

Med hilsen

Dr. Lars Reinton

Husebygrenda 146

Smedstad

~~Dato,~~
T.F. 60-00-02

30/9 53.

Herr Mf Kiel.

Adressa mi framover her blir
611 Huron St., S.E.
Minneapolis, Minnesota, USA.

Skulle det vara noko surt givarsmål å
leggje fram for meg, går det an a' skriva til
meg hit. Når de har fått min oversyn over
planen j' måten a' ta des på, ville j' gjerne
ha' sja' litt av det. Eg blir nemlig budy her
til i juni neste år. Eller går j' ut fra
at Steinnes vil gi'e gode råd, om det
trengst.

Her er mit framifra universitet her i Minne-
apolis. Tolerancinga begjås onsdag den
28. 9. m. Det leiknar bra. Her er ei mengd
intressante emne føre, j' professorane j' har hørt
litt til, er opperlege.

Med myrsam helsing

Lars Reinton

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, den 21. juni 1955.
Drammensv. 42 b

Herr statsarkivar Alf Kiil.
Trondheim.

Då eg i aller nærmaste framtid skal leggje fram års-melding for styret i Landslaget til landsmøtet i august, torer eg be Dykk vera så elskverdig å sende meg ei melding om arbeidet med handboka i lokalhistorisk gransking (arkivkunnskap), kva som er gjort og kor langt De er komen.

Vi må ha styremøte før styremedlemene spreides for feriem, difor ville eg setja stor pris på å få meldinga så og seia pr. omgåande.

Med vyrdsam helsing

Pars Reinton

Trondheim, den 22. juni 1956.

Landslaget for Bygde- og Byhistorie,
herr dr. Lars Reinton,

O s l o .

Arbeidet med handbok i lokalhistorisk granskning - bolken om arkivkunnskap.

Forutsetningen for at jeg tok på meg dette arbeidet, var at det skulle være en del av mitt daglige arbeid som arkivar i Riksarkivet. Jeg tjenestgjorde der fra 1. sept. 1953 til 12. november 1954. Som jeg nevnte for Dem i samtale høsten 1954, fikk jeg ikke utført så mye som jeg gjerne skulle ønske. Det viste seg å være vanskeligere enn jeg hadde trodd, å skulle gå inn i regelmessig arbeid igjen etter seks års uvirksomhet. I de første månedene hadde jeg bare denne oppgaven for landslaget å sysle med, og akkurat i den tid var arbeidsevnen minst. Senere ble det jo noe bedre - tretthetsfølelsen ble ikke så utpreget lenger. Men da fikk jeg også andre oppgaver. Jeg var i fire måneder vikar for en av førstearkivarene og måtte i et par måneder overta inspeksjonen på lesesalen. Resultatet var at jeg, da jeg sluttet i Riksarkivet, ikke på langt nær var kommet så langt som jeg hadde regnet med å nå.

Jeg har gjennomgått de fleste av embetsarkivene i statsarkivene og de større arkivseriene i Riksarkivet før 1814, men alt er foreløpig i konsept, og jeg har ikke rukket å utarbeide noe eller å gi noe en endelig form. Etter at jeg overtok statsarkivaremabetet i Trondheim 12. november ifjor, har det ikke vært mulig for meg å avse noen tid til arbeidet med handboka. Det skyldes ikke bare at det har vært mye nytt å sette seg inn i, men i like høy grad at det har vært ekstra mange vansker og et usedvanlig stort arbeidspress i min nye stilling. Jeg har imidlertid det håp at jeg til høsten skal få bedre arbeidsforhold, blant annet ved at jeg får bo i arkivbygningen og dermed ha øye til å arbeide også om ettermiddagene. Jeg vil da først og fremst legge vinn på å få bearbeidet de notater og konsepter jeg har, slik at de i allfall kan utnyttes av den som måtte fullføre arbeidet, om jeg skulle være nødt til å gi opp.

Med sørbsdig hilsen

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 1/9 55.
Drammensv. 42 b

Herr statsarkivar Alf Kiil,
Trondheim.

Takk for meldinga om arbeidet med handboka i arkivkunnskap for lokalhistorikarar. Vi er sjölv sagt leide for at arbeidet ikkje er kome lengre, men skjönar godt dei vanskane De har hatt og at overtakinga av det nye embetet måtte seinke. I dröftinga av års/meldinga frå styret på landsmøtet i Landslaget i Tønsberg 13. og 14. august i år, vart det spurt om når ein kunne vente å få dette bandet, og det vart gjeve uttrykk for at ein venta svært på det. Eg svara at eg vona De kunne ta fatt på det igjen meir samanhangande i haust, og at vi kanskje ville få sjå resultat ut på vinteren eller på det nye året. Eg vonar då at det kan la seg gjera, og at vi höyrer frå Dykk når De har nytt å melde.

Med vyrdsam helsing

Párs Reinkor

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 7. juni 1956.
Drammensv. 42 b

Herr statsarkivar Alf Kiil,
Trondheim.

Eg tillet meg med dette å spørje om det er noko
nytt å melde om arbeidet med Handboka i lokalhistorisk gransk-
ing. Eg ville gjerne høyre frå Dykk om dette.

Vyrdsamt

Cars Reinor

Herr dr. philos Lars Reinton,
O s l o .

Om arbeidet med handbok i lokalhistorisk gransking er dessverre ikke mye positivt å melde. Embetsplikter og redusert arbeidsevne har dessverre gjort at det har stått i stampe. Jeg hadde håpet at jeg fra ifjor høst skulle ha fått noe lettere arbeidsforhold, men det har ikke slått til. Først til nyttår kunne jeg flytte inn i statsarkivet. Fra 1. januar har arkivaren her hatt et års permisjon for å skrive bygdebok. Derved måtte jeg oppgi planene om å overføre noe av det arbeidet som til nå har hvilt på meg, til ham. Jeg hadde først en vikar i tre måneder - så fikk han også fri til bygdeboksarbeid. Senere har jeg hatt en ung mann, som foreløpig har hatt nok med å sette seg inn i forholdene her og å passe lesesalstjenesten.

Vi har ved Statsarkivet i Trondheim en korrespondanse som er langt større enn den Riksarkivet har, og når det gjelder utskrifter, er det ikke noe annet arkiv som har tilnærmedesvis så mye å gjøre. Jeg kjenner forholdene i arkivverket så godt at jeg tør påstå at ingen av minne kolleger har en slik arbeidsmengde liggende på seg som den jeg daglig må stri med. Følgen er at jeg, når kontottiden er over, ikke har krefter til overs til andre gjøremål. Jeg har liggende mye halvgjort arbeid, og jeg skjønner ikke for øyeblikket når jeg skal få stunder til å ta meg av noe av det. Jeg har kvidd meg litt meg litt for å søke permisjon så kort tid etter at jeg har vært borte fra mitt arbeid i seks år, og vanskelig vil det vel kanskje også være å få tjenestefritt, slik som forholdene her nå er. Men jeg kan ikke se hvordan jeg skal få utrettet noe hverken med dette oppdraget eller med alle mine mange andre, eldre oppdrag, uten å måtte søke permisjon.

Imidlertid har jeg nå forsøkt å gjennom føre den ordningen at jeg tar en halv time før kontortiden begynner, og den første halve timen av den ordinære arbeidstid til handboka. Jeg ville jo gjerne at det arbeidet som jeg fikk utført mens jeg var i Riksarkivet, i allfall skulle bli et brukbart grunnlag for en del av en framtidig handbok, og vil, når jeg er kommet så langt, være fullt villig, ja til og med glad over å kunne overlate det til en som har større krefter og bedre høve til å utføre arbeidet.

Trondheim, 25. juni 1956.

Deres ærbødige

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 16. jan. 1957.
Drammensv. 42 b

Herr statsarkivar Alf Kiil,
Trondheim.

Takk for melding om registreringa for fylkesløyvingane.

Eg tillet meg med dette å koma tilbake til arbeidet med handboka ~~om~~ arkiva og bruken av dei. Vi vonar at det går framover med arbeidet, om enn kanskje smått. Når vi no i Landslaget har gjennomført den eine merkesaka vår, Norsk lokalhistørisk institutt, som byrja werksemda si ved nyttår 1956), har vi tenkt å setja alt inn på å få gjennomført til-taket med handboka og, så snart som råd.

Så vidt eg skjöna på brevet Dykkar frå i sumar (25. juni 1956) kunne De ikkje seia når De blir ferdig med dykkar arbeid med dette fyrste bandet. De vona å koma så langt at De kunne få ~~xxxxx~~ laga "et brukbart grunnlag for en del av en framtidig handbok". Det vonar vi og. Har De no så nokolunde oversyn over når De kan rekne ~~xxx~~ å bli ferdig, så langt De kan koma?

Når eg spør om det no, så er det ikkje berre av interesse ~~xxx~~ for å sjå boka ferdig snart, men og av omsyn til den økonomiske ~~xxx~~ sida av saka. Avtalen så lenge De var i RA. var ~~xxx~~ fordelaktig. Vi er uvisse om korleis dei økonomiske vilkåra blir no etter at De overtok statsarkivar-stillinga i Trondheim. Dersom det er mogeleg for Dykk, ville vi setja stor pris på alt på dette tidspunkt å få eit ^{De trur} ~~pålagt~~-overslag over kva vi må betala ~~xxx~~ for Dykkar ~~xxx~~ arbeid. Eg må nemleg eventuelt i god tid ta det opp med

Departementet, for å få løyvingar i år, dersom det er råd.

Vi vonar å höyre frå Dykk om dette med det fyrste, kanskje De og då kan seia så nokolunde når De trur De kan vera ferdig. Når vi skal leggja saka fram for Departementet, er det turvande å ha så nokolunde greie på det.^{og}

Vi har fått ei bok av lektor Odd Volland: "Den norske klippfiskhandels historie" (1956) til melding i "Heimen", ei bok som han visstnok skal få doktorgraden ^{før}. De ville utan tvil vera den rette til å melde boka. Kunne De trassi alle gjeremåla Dykkar tenkja Dykk å gjera det? Vi kan ikkje få plass for meldinga før i juni-nummeret i år, så De i tilfelle ville få 4 månader å gjera på, og om turvande litt til.

Med helsing

Pars Reinou

Herr dr. philos. Lars Reinton,

O s l o .

De må unnskylde at det har tatt så lang tid før jeg svarte
hvordan det gikk med
på brevet fra Dem der De bad om melding om arbeidet med handboka
i arkivkunnskap.

Grunnen til at jeg ikke har svart før, er ~~ganske enkelt~~ den
at jeg ikke har visst hva jeg skulle svare, og at jeg derfor
ville vente og se om situasjonen skulle bli mere avklaret.
Jeg har hatt en usedvanlig dårlig vinter, helsemessig sett. Selv
om jeg ikke har vært borte fra arbeidet en eneste dag, har jeg
heller ikke vært frisk en eneste dag. Jeg tok en PAS-kur i nO-
vember-desember og var adskillig bedre i januar, men så fikk jeg
et tilbakefall igjen. Nå har jeg på ny forsøkt en kur, som jeg
forz så vidt ikke er ferdig med ennå. Jeg hadde håpet at den
skulle ha hatt like god virkning som før, men det ser dessverre
ikke ut til at midlet hjelper meg lenger. Skulle det ikke bli
noen forandring til det bedre med det første, må det bli aktuelt
med sykepermisjon. Jeg hverken tør eller kan gå på denne måten
stort lengere.

Jeg hadde egentlig tenkt å søke permisjon uten lønn i noen
tid - fra sommeren av - for å forsøke å få gjort ferdig noe av
alt det jeg har liggende halvgjort. Litt tid måtte jeg vel da
også ha avsatt til dette arbeid, og da kunne det kanskje ha blitt
tale om økonomisk støtte. Nå er alt på det usicke. Jeg er lei
for at jeg ikke kan gi annet svar enn dette.

Da jeg arbeidet i Riksarkivet, tok jeg først og fremst for
meg arkivsakene i statsarkivene, ~~Jeg kjente dem best, og da jeg~~
~~jeg ikke kjente best, jeg~~ måtte regne med at jeg kunne bli
nødt til å gå fra arbeidet

når som helst, mente jeg det var klokkest i første omgang å holde meg til de områder hvor jeg følte meg mest heime. Så usikkert som det er om jeg noen gang kommer over denne sykdommen, har spørsmålet meldt seg for meg om det ikke skulle være mulig^{allfall} å få arbeidet med Riksarkivets arkivserier utført av andre. Skulle en ikke kunne få i stand en felles innsats fra flere av arkivarrene i Riksarkivet, slik at hver enkelt skrev et avsnitt om det arkivet han kjente best. Arkivverket skulle da være interessert i at denne handboka kom ut. Så får jeg heller forsøke å bruke mine ringe kferfter til å få ferdig avsnittet om statsarkivene, hvis ikke sykdom gjør det umulig.

Jeg må nok med det første ta meg en tur til Oslo til en grundig legeundersøkelse og vil vel da kunne si noe mer om hvordan framtidsutsiktene måtte fortone seg.

Jeg takker for tilbudet om å melde Odd Vollan: "Den norske klippfiskhandels historie", men jeg må nok dessverre erkjære meg ute av stand til å påta meg oppdraget. For tiden er jeg bare glad for hver dag jeg makter det daglige arbeid i arkivet.

Dette brevet skriver jeg privat til Dem, og jeg så helst at det ikke ble behandlet som et privatbrev.

Med hilsen

Herr dr. Lars Reinton

Oslo

Til svær i Dere's brev
28. mai d. å. til Statsarkivar
at Liul skal jeg få opplyse
at han har ligget i en
hovednakket tilnærmelses siden
3. mai og fremdeles er anlagt med
med feber.

Han ber meg skrive at han
ikke har hatt til permisjon,
dr. at ikke han lykkes i denne
stedsfortreden. Han har overimot,
~~også~~ måttet avgi sin arkivar
eller at han sist sommer
hos ^o hadde et lengre sykdomme,
måttel avgi sin arkivar til
Statsarkiv-kontoret i Trondhj.
Forholdene har derfor gjort det
unmulig for ham å gjøre noe
med det arbeidet som han skulle
utføre for Landslaget.

Landslaget for
Bygde- og Byhistorie

Oslo, 28. mai 1958.
Drammensv. 42 b

Herr statsarkivar Alf Kiil,
Trondheim.

Tida er igjen komen då eg må be om å få ei melding
frå Dykk om arbeidet med handboka i lokalhistorisk gran-
sking, rettleiinga om statsarkiva og bruken av dei.

Vi skal ha landsmøte i Landslaget for Bygde- og
Byhistorie i sumar, og onsdag den 11. juni skal vi ha styre-
møte, der eg skal leggje fram tre-årsmelding. Innan ei
vekes tid, eller seinast innan 10 dagar, må eg då ha mel-
dinga frå Dykk. Eg vonar på at vi i sumar kan få endeleg
manuskript frå Dykk.

Med venleg helsing

Jens Reinertsen

LANDSLAGET
FOR BYGDE- OG BYHISTORIE
DRAMMENSVEGEN 42 n, OSLO
TLF. 55 19 16

20/6 60.
OSLO.

Herr statsarkivar Kiil.

Trur De det er von om å få noko manuskript i haust?
Vi skal ha årsmøte~~f~~ neste år, og eg ville svært gjerne ha
noko konkret å vise til då.

God sumar!

Beste helsing

Pers Reinton

og som stredde sig leje op lidt ansfield Brondum. gildet
også idet fælles mældes af minn regning. i følge dines ender
af 1st November forrige aar.

ordentligst H. Slem

næringsgrunnlaget nordpå derfor ble dårligere. (Finneskatt...) A.Brox har fremmet samme teori. (Berg og Torsken bygdebok, Tromsø 1965, s. 107). H.Nilsen har stått temmelig ensom med sin oppfatning som er at "fisket ble etter forholdene drevet med hell og ga lønnsomt utbytte". (Bergensernes handel..., s. 14)

Historikere som har studert utviklingen i andre strøk av landet der det også ble drevet tørrfiskproduksjon, har stort sett sluttet seg til de synsmåter som er referert. Det gjelder A.O.Johnsen (Kristiansunds historie I, Kristiansund N. 1949, s. 47f.) og N. de Seve (Molde bys historie I, Oslo 1962, s. 25) som begge har tatt utgangspunkt i prisutviklingen. J.Sandnes som har studert befolknings- og bosettingsutviklingen i Namdalen, mener imidlertid at det fant sted en sterk befolkningsvekst i ytre Namdalen i sisre halvdel av 1500-tallet. Han har tolket dette som et utslag av "en veldig sterk fremgang i fisket ... fra midt på 1500-t." (Namdalens ..., s. 301 f. og s. 318 ff.)

Vi har funnet at det i fiskeridistriktet Lofoten-Vesterålen fant sted en sterk befolkningsvekst i perioden 1521-67, og vi har gått imot teorien om avtakende fiske (Se s.). - Teorien at prisfallet skyldtes reformasjonens landevinninger og konkurransen fra klippfisktilvirkene kan ikke gi noen uttømmende forklaring på fenomenet, for prisfallet satte inn i god tid før Luther hadde slått opp sine teser og før klippfisktilvirkingen hadde fått noe stort omfang. (Lunden, Hanseatene ...). Vi har først og fremst sett prisfallet som utslag av en tendens i tidens prisutvikling som bl.a. skyldtes økende befolkningspress. (Se s.). - Selve prisfallet var imidlertid et faktum som måtte få konsekvenser. Vår oppfatning er her at konsekvensene foreløpig lå på det sosiale og organisasjonsmessige plan, og at utviklingen her ble forsterket på grunn av endringene i handel og maktforhold etter reformasjonens innførelse.

- 100) Tiendelister fra 1660-årene (R.A.) viser at folk fra Lofoten-Vesterålen rodde vinterfisket i sitt område uavhengig av ledsagende jekt, mens fiskere langveis fra gjerne ble fulgt av jekt.